**§ 1 EIGARFORHOLD - STYRING**

Haugland Gards og friluftsbarnehage er
privat og er eigd av Hoppensprett AS
Barnehagen vert driven i samsvar med "Lov om barnehagar" og dei
forskrifter og retningslinjer som gjelder, samt kommunale vedtak, rammeplan og
plan for den enkelte barnehage.

For å sikre et godt samarbeid med hjemmet, skal alle barnehager ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg, jf. § 4 i lov om barnehager. Foreldrerådet består av foreldrene til alle barna. SU består av representanter for foreldre og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. SU består av to representanter for hver gruppe. SU skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ for alle parter som på ulike måter har ansvar for innholdet og driften i barnehagen. Styrer skal sørge for at viktige saker legges fram for foreldrerådet og/eller SU.

**§ 2 FORMÅL**

Barnehagen skal sikra barna gode utviklings- og aktivitetsmogeleghetar i nær forståelse og samarbeid med heimen.

**§ 3 GODKJENNING - AREALNORM -ANTALL PLASSAR**

Skulesjefen og barnehagekonsulenten gis godkjenningsmyndighet for barnehagar. I merknader til loven kring arealnormer er det gitt følgjande veiledande norm:
4,00 m2 pr. plass over 3 år og 5,33 m2 pr. plass under 3 år.

Haugland Gards og friluftsbarnehage har 45 plassar.

**§ 4 SØKNAD - INNTAK**

Austevoll kommune har innført SAMORDNA OPPTAK for alle barnehagane i kommunen. Alle barnehagane har felles søknadsskjema. Hovudopptak skjer i mars/april, med frist 1. mars. Du kan søkja på inntil tre barnehagar på same skjema. Du må prioritera kva for barnehage du ynskjer plass i, med alternativ 1, 2 og 3. Likeins må du presisera kor stor plass og kva dagar du ynskjer plass på. Dersom du søkjer utanom hovudopptaket, må du og skriva kva dato du ynskjer plassen frå.

**§ 5 INNTAKSKRITERIER**

Alle barnehagar i Austevoll kommune er einige om felles opptakskriterier. Desse vert godkjent av kommunestyret.

Felles opptakskriterier:

Lov om
barnehagar og Lov om barneverstenester er overordna kommunale opptakskriterier.

Austevoll kommune har innført samordna opptak for alle barnehagar i kommunen.

Vi ser helst at barna har 100% plass og gjev dei som har delt plass rett til å auka sin plass før nye vert tekne inn. Unntak: Søknader med dokumentasjon for punkt 1-3 går føre alt.

Barn som har søsken i barnehagen ved elles like kriteria.

Eldre barn vert prioritert framfor yngre ved elles lik kriteria.

Barna har plassen til dei sjølv seier har opp.

Siste frist for oppseiing før ferien er 1 april.

Ved søknad om prioritert plass etter punkta 1-7, må dokumentasjon vedleggast. Manglande dokumentasjon fører til at søknaden vert lavare prioritert.

Det vert sett av ein ankeplass i kvar barnehage.

<u>Prioriteringsliste:</u>

- Barn med nedsett funksjonsevne har prioritet ved opptak etter Lov om barnehagar § 13. Det skal føreliggja sakkunnig vurdering. Vurderinga skal leggjast ved søknaden.
- Barn som det er fatta vedtak om etter Lov om barnevernstenester §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd. Vedtaket skal leggjast ved søknaden.
- Barn som har ekstraordinære belastningar i heimen, t.d. der ein eller begge foreldra har ei funksjonshemming eller ved langvarig, alvorleg sjukdom hos foreldre eller søsken. Dokumentasjon må leggjast ved søknaden.
- Barn med minoritetsspråkleg bakgrunn. Legg ved dokumentasjon.
- Barn med foreldre i 100% stilling eller skulegang på heiltid. Legg ved dokumentasjon.
- Barn som har søsken i barnehagen. Legg ved dokumentasjon.

**§ 6 BARNEHAGEÅRET**

Barnehageåret startar 1/8.
Barnehagen er heilårsopen. Barnehagen har 5 planleggingsdagar pr. år.

Alle barn skal ha 4 veker ferie pr. år. 3 veker av dei må vere samanhengande. Den 4 ferieveka er i romjula, da barnehagen er stengt i det tidspunktet. Skulegruppe barna må vera slutta innan 1 august.

Onsdag før påske, lille julafta og dagen før nyttårsafta stengjer barnehagen kl. 12.00.

Sommarferien må meldes skriftlig til barnehagen innan 15. april. Den er bindande.

**§7 OPPHALDSTID**

Barnehagens opningstid: Kl. 06.45 til kl. 17.00.
Barnehagen gir følgjande plasstilbod:

* 100% plass

* 80% plass

Dagsrytme:

06.45 - Barnehagen opnar

Fri lek

08.00 - 08.45 - Frokost

Fri lek

10.00 - Samling, aktiviteter, ut, tur

11.30 - Lunsj

Soving for dei som sover.

Fri lek, aktivitet, ut

14.00 - Fruktmåltid ute eller inne

Fri lek ute eller inne

17.00 - Barnehagen stenger

Det er ikkje mogeleg å bytte dagar (t.d. for at ein ikkje har nokon til å passe barnet den dagen det har fri) for dei som ikkje går fullt i barnehagen.

Det er ikkje mogeleg å få betalingsfri permisjon, då det betyr tapte inntekter for barnehagen.

Ved forseint henta barn må eit skriv underskrivast av den som hentar barnet. I det skrivet står det dato, klokkeslett for når barnet vart henta, underskrift av den som hentar og underskrift av den av personalet som var igjen i barnehagen.

**§8 FORELDREBETALING**

Gjeldande satsar for alle barnehagar i kommunen pr. 01.01.2016:

100% plass - 2730,-

80% plass - 2457,-

Søskenmoderasjonen er 30% for søsken
nr 1 og 50% for søsken nr 2 eller fleire. Mat/melkepenger: 250 kr for full
plass, 200 kr for 80%. Det vert innkrevd betaling for 11 månader i året. Juli månad er betalingsfri for alle.

Ved inntak av nye barn reknast foreldrebetalinga f.o.m. den dato barnet begynner i barnehagen. Det same gjelder ved endring av plass.

Se § 9 -2. avsnitt, siste del, ang. rett til oppseiing ved manglande foreldrebetaling.

**§9 ENDRING ELLER OPPSEIING AV BARNEHAGEPLASS**

Hvis /når det blir ledig(e) plass(er) i løpet av barnehageåret gis barn som går i barnehagen fortrinnsrett til den ledige plassen, dvs bytte av plass. Barn som ønskjer å bytte barnehage konkurrerer om ledige plasser etter gjeldande inntakskriterier - § 5.

Ved manglande betaling eller anna mislighald har eigarane tilsvarande rett til oppseiing, dvs at barnet kan miste plassen sin. I slike saker skal foreldre/føresette varslast i så god tid at de har mogelegheit til å rette opp dei forhold som eigarane ikkje kan godta.

Endrings-/oppseiingsfristen er to månader. Det same gjelder dersom det er ønskje om reduksjon av plass i barnehagen.

**§ 10 INTERNKONTROLL**

Det skal være etablert sikkerhetsutvalg ved den enkelte barnehage. I Haugland Gards og friluftsbarnehage består dette av to representantar frå brannvern (eigar og avdelingsleiar), styrer og verneombod. Det er etablert rutinar og stedstilpassa sjekkliste for jamlege sjekkrundar. Det er også utarbeida handlingsplanar ved ulykker. Brannøving har me to gongar i året.